



Innebandy er ein populær aktivitet i allidretten. (Foto: Ola Matti Mathisen)

Allidretten startar oppatt onsdag kveld klokka 19 i Aktivitetshuset etter jule- og nyårshelga melder leiarane og eldsjelane Cathrine og Steinar Haugland.

Også denne vinteren prøver dei å få til turar til Fjellhaugen og kveldskøyring i skitrekket der. Det er lagt opp til 4 kveldar med kveldskøyring.

Dei som ønskjer å ta del i ei felles (bil)køyreliste til Fjellhaugen må gje beskjed om dette på trening eller til Magnhild Haugland innan 19. januar. Frammøtet er alltid i Aktivitetshuset klokka 19 eller klokka 17.30 ved Grano når dei skal på ski.

Planen for vårsesongen for allidretten kan du finna her på sida ved å trykka på 'Det skjer i Uskedalen' øverst til venstre.